



Bakgrunn for vedtak

Vassuttak frå Sagevatnet til settefiskanlegg i Marøysundet II

Flora kommune i Sogn og Fjordane



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshavar	Svanøy Havbruk AS
Referanse	201307772-18
Dato	02.02.2017
Notatnummer	KI-notat 11/2017
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Silje Aakre Solheim

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Svanøy Havbruk AS søker om løyve etter vassressurslova § 8 til regulering og uttak av vatn frå Sagevatnet på Svanøy i Flora kommune. Vatnet skal brukast i settefiskanlegget i Marøysundet.

Det er søkt om eit maksimalt vassuttak på 105 l/s, og ei regulering av Sagevatnet mellom kote 3,5 og kote 6. Settefiskanlegget i Marøysundet eksisterer i dag og brukar vatn frå Sagevatnet. Selskapet ønskjer no å søke om ein auke i produksjonen frå 120 000 til 1 000 000 smolt i året. Det vil i følgje søkar bli ein marginal auke i vassforbruket. Anlegget har ikkje tidlegare konsesjon etter vassressurslova. Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring.

Flora kommune opplyser at dei har vassuttak til vassverk i Sagevatnet, og at ei regulering som omfattar en nedtapping på meir enn 1,5 m vil vere uheldig for vassverket. Det bør helst ikkje tappast meir enn 1 meter. **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane** meiner vassdraget bør opnast for vandring av sjøaure mellom sjø og Sagevatnet, og det må gjerast ei vurdering av om dammen er vandringshinder for ål, og ev. tiltak som kan setjast i verk. **Fiskeridirektoratet region vest** har ingen vesentlege merknadar. **Mattilsynet** meiner at ei stor nedtapping av vatnet kan vere uheldig viss det fører til tilslamming av vatnet. Dei meiner kommunen er betre i stand til å vurdere kor mykje dette vil bety for deira anlegg.

Dei aller fleste prosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå. I vedtaket har NVE lagt vekt på at Svanøy Havbruk AS sitt settefiskanlegg i Marøysundet bidrar til produksjon av smolt og verdiskaping i regionen.

Settefiskanlegget på Svanøy er i drift og nyttar i dag vatn frå Sagevatnet. Det er planlagt ein liten auke i vassutaket, og reguleringa vil vere innanfor det som også tidlegare er praktisert. Vassdraget har lenge vore, og er framleis i dag, stengt for oppgang av anadrom fisk. Fylkesmannen ønskjer at det vert lagt til rette for å få sjøauren opp i vassdraget. NVE meiner i utgangspunktet at ein ikkje skal stenge vandringsvegen for fisk. Vi meiner likevel at potensialet for produksjon av sjøaure her er avgrensa og at ulempene for søkar med å opne vassdraget vil vere større enn dei fordelane ein kan oppnå. Det er i følgje søkar overløp over dammen 219 dagar i eit normalt år. NVE meiner difor at det må leggjast til rette for at ål kan komme seg både opp og ned i vassdraget. NVE meiner at dei samla fordelane ved tiltaket i form av produksjon av smolt og verdiskaping i regionen overstig ulempene tiltaket fører med seg for allmenne interesser. Vi minner elles om at det er Svanøy Havbruk AS sitt ansvar å ta omsyn til vassressursen når dei planlegg sin produksjon av fisk. Produksjonen skal tilpassast vassressursen og ikkje omvendt. Dette inneber også at Svanøy Havbruk AS må ta omsyn til kommunen sitt uttak av drikkevatt når det gjeld å halde seg innanfor dei gitte reguleringsgrensene.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Svanøy Havbruk AS løyve etter vassressurslova § 8 til regulering av Sagevatnet og uttak av vatn til settefiskanlegg. Løvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Innhald

Samandrag.....	1
Søknad.....	3
Høyring og distriktsbehandling.....	5
NVE si vurdering	9
NVEs konklusjon	13
Forholdet til anna lovverk	14
Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	15

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Svanøy Havbruk AS, datert 29.4.2014:

«Svanøy Havbruk AS søker om vannuttak for settefiskanlegget i Marøysundet i Flora kommune i Sogn og Fjordane. Det søkes etter vannressursloven § 8, om tillatelse til:

- *Uttak av vann fra Sagevatnet (innsjø nr 28346) med et høyeste månedsmiddel på 8,3 m³/min (0,138 m³/s)*
- *Og et gjennomsnittlig årlig vannuttak på 3,6 m³/min (0,059 m³/s)*
- *Regulering av magasin i Sagevatnet med 2,5 meter mellom kote 3,5 (LRV) og kote 6 (HRV)*
- *Det søkes ikke om slipp av minstevannføring*

Sagevatnet har vært oppdemmet og regulert siden midten av 1600-tallet for uttak av vann til sagbruk og mølledrift og til settefiskproduksjon siden 1980. I forbindelse med denne søknaden om uttak av vann og planlagte økning av produksjonen vil uttaket av vann bli moderat større enn gjeldende praksis da anlegget de senere årene har iverksatt vannsparende tiltak.

Nødvendige opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning og vedlegg, der virkninger er vurdert ut fra 0-alternativet som tilsvarer dagens situasjon i det regulerte vassdraget, og forutsetningen for omsøkt vannuttak til settefiskanlegget er at vannuttaket skal skje innenfor dagens regulering av Sagevatnet uten slipp av minstevannføring.»

Regulering og vassuttak fra Sagevatnet, endeleg omsøkte hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	2,4
Årleg tilsig til sjø	mill.m ³	5,02
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	66,3
Middelvassføring	l/s	160
Alminneleg lågvassføring	l/s	19,5
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	12,3
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	38,8
SETTEFISKANLEGG		
Inntak Sagevatnet	moh.	6
Avløp	moh.	0
Lengde på aktuell elvestrekning	m	20
Maks slukeevne/kapasitet på tilløpsrør	l/s	250
Maksimalt vassuttak	l/s	138
Gjennomsnittleg vassuttak	l/s	59
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	0
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	0
		2 stk 315 mm og 2 stk
Tilløpsrøyr, diameter	mm	250 mm
Brukstid	%	100
Tal settefisk	stk	1 000 000
MAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	0,575

HRV	moh.	6
LRV	moh.	3,5
ØKONOMI		
Produksjon	Stk/tonn	1,0 mill/100 tonn
Utbyggingspris	mill.kr	5

Om søkjar

Svanøy Havbruk AS er eit aksjeselskap med lokalt eigarskap der alle er busett i Flora kommune. Selskapet eig og driv to stamfiskkonsesjonar for regnbogeaure. I tillegg har Svanøy Havbruk AS ein samdriftsavtale med eit oppdrettsselskap i regionen. Selskapet disponerer tre lokalitetar i Flora kommune. Settefiskanlegget/stamfiskseksjonen har ein konsesjon på 120 000 sjøklar fisk og 1 mill. rognkorn. Anlegget vert nytta til både stamfisk og produksjon av rogn, yngel og settefisk av eliteaure. Rogn vert selt til oppdrettsnæringa. Settefisk av elitematerialet vert produsert for utsetting i eige anlegg i sjøen. Denne fisken representerer nye generasjonar av stamfisk. I tillegg representerer den sikring av genmateriale for Aqua Gen, som er samarbeidspartnar og leverandør av det selekterte genmaterialet.

Selskapet har 10 tilsette og ein omsetnad i 2012 på ca. 50 mill. kr.

Området og eksisterande inngrep

Svanøy Havbruk AS er lokalisert ved Marøysundet på Svanøy i Flora kommune. Settefiskanlegget er bygd i tilknytning til utløpet av vassdraget frå Sagevatnet og Midtvatnet. Settefiskanlegget har hatt konsesjon for produksjon av smolt sidan 1980, og vart då bygd som eit reint gjennomstrøymingsanlegg. Sidan oppstart har anlegget vore gjennom ei rekke utvidingar og eigarskifte. Det har vore produsert både laks og aure i anlegget, og det har også vore stamfisk i anlegget. Etter 2008 har det berre vore produksjon av regnbogeaure. Av vassparande tiltak har anlegget investert i utstyr for individuell oksygenering og karluftarar i alle produksjonskar i gjennomstrøymingsanlegget. Dette er meint som beredskap for tørre periodar og driftstans.

Teknisk plan

Regulering

Sagevatnet er regulert mellom kote 3,5 og kote 6. Det er ikkje planlagt å endre denne reguleringa. Vatnet har vore regulert sidan ca. 1650, då til mølledrift, og seinare for sag. Det er ikkje gjort endringar på dammen etter at den vart teken i bruk til settefiskanlegg. Dammen er 31 m lang og 4,5-5,5 m høg. NVE har stilt krav om utbetring av dammen. NVE sitt damtilsyn følgjer opp dette uavhengig av denne behandlinga av konsesjonssøknaden.

Laksetrapp

I 1973/1974 vart det bygd ei laksetrapp frå utløpet av Sagevatnet og ned til sjøen i Marøysundet. Deler av laksetrappa er intakt, men tiltakshavar har aldri observert oppgang av laks eller aure i trappa. Det er ikkje planlagt å ruste opp denne.

Inntak og vassveg

Settefiskanlegget har sitt vassinntak frå fem inntak i Sagevatnet like oppom settefiskanlegget. Inntaksleidningane går til ulike djup i vatnet. Leidning 1 og 2 går til austre del av anlegget og forsyner i hovudsak startforavdeling. Leidning 3 og 4 går gjennom dammen og forsyner påvekstavdelinga utandørs. Leidning 1 og 2 kan også forsyne påvekstavdelinga, og 3 og 4 kan forsyne startforingsavdelinga dersom det er nødvendig. Leidning 1 og 2 er gravne ned i 20 m lengde før dei går inn i anlegget. Leidning 3 og 4 går gjennom dammen og rett inn i anlegget. Desse leidningane ligg ope i 15 m. Leidning 1 og 2 går høvesvis 200 og 100 m inn i vatnet og avsluttast med ei sil på enden. Leidning nr. 3 og 4 går høvesvis 100 og 350 m innover i vatnet og avsluttast med ei sil. Leidning nr. 4 forsyner også ei reservepumpe der vatnet går til anlegget i eigen røyrleidning (nr. 5). Det er ikkje planlagt nye inntaksleidningar.

Vassforbruk

Søknaden gjev følgjande oversikt over planlagt vassuttak:

MND	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Snitt
l/s	25	25	25	33	33	75	100	105	100	91	75	25	59

Det er søkt om eit uttak med maksimal månadsmiddel på 138 l/s og eit gjennomsnittleg årleg vassuttak på 59 l/s.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Området er regulert til akvakultur i kommunen sin arealdel for 2003 til 2013.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 25.3.2015 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen og grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Flora kommune

Flora kommune viser til at sterk nedtapping av Sagevatnet fører til driftsproblem for reinseanlegget. Det er mogleg med 2 m nedtapping av vatnet i forhold til pumping av vatn, men ei slik nedtapping vil vere uheldig i forhold til vasskvalitet. Jo meir vatnet blir tappa, jo meir humus vil bli vaska ut i vatnet ved nedbør. Dette fryktar Flora kommune vil forplante seg i vatnet. Kommunen meiner at ei regulering utover 1,5 m tapping er uheldig for vassverket, og at det helst ikkje bør tappast meir enn 1 m. Kommunen skriv også at det er lekkasje i dammen, og at denne bør tettast for å spare på vatnet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen meiner at det bør opnast for vandring av sjøaure mellom sjø og Sagevatnet. Det bør også vurderast om dammen i dag er eit vandringshinder for ål, og om det i forhold til dette er behov for, eller om det kan setjast i verk tiltak for å betre forholdet for ål i vassdraget.

Fiskeridirektoratet Region vest

Fiskeridirektoratet Region vest har ingen vesentlege merknadar til søknaden.

Mattilsynet

Mattilsynet skriv i sin uttale at Sagevatnet er ei relativt grunn kjelde med største djupne på 22 m. Vassverket sitt inntak er plassert i djupaste delen av vatnet på 18 m djup i same område som Svanøy Havbruk tek ut vatn til settefiskproduksjon. Vasskjelda er prega av mykje farge på råvatnet og i vasskjelder med høgt humusinnhald vil det over tid bli danna mykje botnslam. Ei sterk nedtapping av kjelda vil kunne medføre utvasking av slammet ved nedbør og brå auke i innhaldet av svevestoff/farge i området ved inntaket. Sterk nedtapping vil også gjere kjelda meir sårbar for vertikal omrøying som kan påverke råvasskvaliteten ved inntaket negativt. Sterk nedtapping vil også gi mindre innsjøvolum og lågare opphaldstid/fortynningseffekt i bassenget, noko som generelt er uheldig i ei drikkevasskjelde.

Drikkevassforskrifta § 14 krev at det totalt i vassforsyningssystemet skal finnast minimum to hygieniske barrierar for å sikre hygienisk kvalitet på reintvatnet til ei kvar tid. Ved Svanøy vassverk er det etablert to hygieniske barrierar i behandlingsanlegget, dette i form av membranfiltrering med påfølgjande UV-behandling av vatnet. Brå endringar i råvasskvaliteten i form av auke i turbiditet og fargetal vil kunne gi driftsproblem i vassbehandlingsprosessen. Kor stor nedtapping som skal til for at driftsproblem vil oppstå er på førehand vanskeleg å fastslå. Kommunen som vassverkseigar har kunnskap og driftserfaring med anlegget, og er etter Mattilsynet sitt syn den som står nærast til å ta stilling til eit slikt spørsmål.

Søkar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkar har kommentert høyringsuttalane i e-post av 26.3.2015:

«Eg vil gjerne kommentere Fylkesmannen si uttale om opning for fiskevandring mellom sjøen og Sagevatnet. Som sagt i uttalen til Fylkesmannen har Sagevatnet vore oppdemt og regulert sidan 1600-talet, og frå om lag 1850 har det ikkje vore mogleg for fisk å vandre her. Forsøk med oppbygging av laksetrapp i 1974 førte heller ikkje til at det var registrert slik vandring. Det fanst heller ingen eigen sjøaurebestand tilknytta vassdraget, som det vidare vert stadfesta i uttalen til Fylkesmannen. Det finns dessutan ikkje annan dokumentasjon eller utsagn frå grunneigarar, så vidt vi er kjend med, på at det har vore fiska sjøaure ved utløpet historisk.

Undersøkingar utført av Rådgivende Biologer syner og at ei opning for villfisk til vassdraget vil ha liten verdi for anadrom fisk pga det moderate produksjonspotensialet i vassdraget. I elveosen nedanfor dammen er det heller ingen gytemulighet for anadrom fisk pga tidevatnet. Det er også viktig å ta med seg at det ved etablering av settefiskanlegg rundt om i Norge, har vore vanleg praksis å gje løyver til å lage demning/sperre for å hindre at anadrome artar går opp i vassdrag. Dette med tanke på å unngå sjukdomssmitte frå vill anadrom fisk til smolt/settefisk. Akvakulturdriftsforskriften §59 gir klare føringar for vanninntak og sikring mht inntak av villfisk. Vassdrag med bestandar av anadrom fisk er ikkje sett på som optimale

for eit settefiskanlegg pga. faren for smitteoverføring. Dersom ein skal opne for oppgang av villfisk, vil Svanøy Havbruk bli tvungen til å gjere kostbare tiltak for å desinfisere inntaksvatnet til anlegget. I tillegg gjer humusnivået i vatnet til at den mest vanleg metoden med UV-stråling kanskje ikkje vil vere effektivt nok. Andre metodar som ozonering, er av Rådgivende Biologer, vurdert som "kraftige saker som påverkar vannkvaliteten (og særleg i humøst ferskvatn) på måter som ein i dag ikkje heilt kjenner konsekvensane av". På bakgrunn av betydelege fordyrande tiltak ved anlegget, det faktum at dette er eit anlegg som har eksistert her sidan tidleg på 80-talet som blir formalisert etter dagens konsesjonsreglar, samt at her ikkje har vore oppgang av vill fisk dei siste nærmare 200 år og kanskje lengre tilbake, ser vi på opning for fiskevandring til vassdraget som eit direkte urimeleg inngrep som mest sannsynleg vil bety kroken på døra for vår næringsverksemd på Svanøy.

Når det gjeld uttalen til kommunen, vil eg berre kommentere at vi kjem til å gå vidare i kommuneadministrasjonen vedrørande saka om nivå for nedtapping. Vi vil overfor Flora kommune presisere at det ikkje er snakk om nemneverdig endring av vassuttak samanlikna med dagens uttak (som nemnt blir det stadig gjort tiltak i anlegget som fører til reduksjon av vassforbruk), og henvise til at kommunen i 2001 fekk utarbeida ein rapport vedrørande potensialet for produksjon av settefisk i Flora (<http://www.radgivendebiologer.no/uploads/rapporter/495.pdf>). Her står det m.a: Vassdraget ligger på Svanøya og består av Sagevatnet med en kort utløpselv til sjøen. Fra Sagevatnet er det i dag uttak av vann til Fjord Seafood sitt settefiskanlegg, samt at innsjøen er planlagt tatt i bruk som offentlig drikkevannskilde. **Videre utnyttelse av vassdraget må eventuelt vurderes i samarbeide med eksisterende settefiskanlegg, som i dag har en konsesjon på 100.000 settefisk. Tilsvarende plasserte vassdrag utnyttes andre steder til produksjon av 750.000 settefisk.»**

Svanøy Havbruk kommenterte også moment frå synfaring i e-post av 15.4.2015:

«Kommentarer til opplysninger og informasjon som kom frem under befaringen på Svanøy i forbindelse med Svanøy Havbruk AS sin søknad om uttak av fra Sagvannet.

Flora kommune sin representant under befaringen, Rune Kristiansen orienterte om farene ved midlertidig senking av vannstand og grunnene til at kommunen ser dette som problematisk. Det er søkt om i perioder å kunne tappe ned vannet med 2,5 meter under full vannstand, mens Flora kommune v. Rune Kristiansen holder fast ved maksimal nedtapping til 1,5 meter.

Argumenter for dette:

1. Vannkvaliteten. R. Kristiansen hevder vannkvaliteten står i fare for å bli dårligere ved større nedtapping. Begrunnelsen for dette er en risiko for at slam kan løsne i skråningene som tørregges ved nedtapping, og at dette slammet kan komme inn i vanninntaket til pumpene. Pumpene ligger imidlertid 100 meter vekke og på hele 18 meters dyp. Med bakgrunn i det vi har sett og erfart ved 4 - 5 meter nedtapping er utvasking av slam liten og påvirker kun noen få meter ut fra land, selv ved kraftig regnvær og vind. Av egen interesse har vi undersøkt dette. Områdene der det finnes løsmasser er dessuten små. Vi anser dette faremomentet som bagatellmessig. Ved stor nedtapping til 4 - 5 meter, som kun skjer unntaksvis, er det påvist litt dårligere råvannskvalitet. Det nye og topp moderne vassverket har absolutt ingen problemer med å takle dette. Vannet til forbruker vil på ingen måte bli påvirket.

2. Det ble hevdet fra R. Kristiansen at nedtapping på vinterstid kan være svært uheldig siden tilførsel- og spylevannsrørene som da blir blåttlagt, kan fryse. Kristiansen har tidligere blitt orientert om at nedtapping på vinter ikke forekommer i dag og det vil heller ikke skje i fremtida. Grunnen til dette er at Svanøy Havbruk ikke arbeider med stamfisk av laks, slik tilfellet var 12 - 15 år tilbake. Stamfisk av laks krever mye vann på vintertid. Nedtapping på vinter er derfor ikke noe reelt problem slik det er blitt hevdet.

Jeg håper fakta som her er nevnt blir tatt i betraktning i NVE sitt videre arbeid med saken.»

Tilleggsopplysninger

I etterkant av synfaring har Svanøy Havbruk AS vore i møte med Flora kommune der dei har vorte einige om at lekkasjen i dammen sin øvste del må tettast for å unngå unødige tap av vatn. Svanøy Havbruk AS tek dette vidare, jf. e-post av 7.5.2015 sendt i kopi til NVE.

NVE mottok også oppfølgjande høyringsuttale frå Flora kommune i etterkant av dette møtet (2.7.2015):

«Flora kommune gav uttale til NVE, i brev datert 05.06.2014, på søknad frå Svanøy Havbruk AS om løyve til regulering og uttak av vatn frå Sagevatnet. I uttalen vart det og vist til tidlegare brev sendt Svanøy Havbruk AS datert 25.03.2013 og 31.05.2013. Vi viser og til vårt brev datert 11.07.2013 til Svanøy Havbruk AS. Her vart demning og lekkasjar beskreve og det vart påpeikt at lekkasjar bør tettast. Av brevet framgår at i kortare periodar kan det akseptast at vatnet vert tappa ned 2,5 m.

Vi viser til e-post datert 07.05.2015 som refererer møte på rådmannen sitt kontor den 21.04.2015. I dette møtet var temaet dei store lekkasjane i demning og nedtapping av Sagevatnet, og tiltak mot dette. Svanøy Havbruk AS har sterkt behov for å kunne tappe ned vatnet 2,5 m. Svanøy Havbruk vil sette i verk tiltak med tetting av demninga når Sagevatnet er tappa ned til lekkasjeområdet i demninga.

Som det framgår av vårt brev datert 11.07.2013 kan det akseptast at Sagevatnet i kortare periodar vert tappa ned til 2,5 m dersom desse periodane vert nytta til å reparere demninga. Av høyringsbrev datert 13.05.2014 frå NVE framgår at Svanøy Havbruk søker om eit gjennomsnittleg vassuttak på 59 l/s (212 m³/t) og høgaste månadmiddel på 138 l/s (497 m³/t). Dette er store vassmengder og det må kontinuerleg arbeidast med å halde demninga tett og gjerast tiltak for å redusere vassforbruket. Svanøy Havbruk AS bør få tid til å gjere dette, og i denne perioden kan Flora kommune akseptere nedtapping av vatnet til 2,5 m. Denne perioden bør begrensast til 3 år. Deretter bør nedtapping av Sagevatnet settast til maks 1,5 m slik som framgår av vårt brev datert 05.06.2014.»

I brev av 25.9.2015 har NVE sett krav om revurdering av dammen i Sagevatnet. Vi har foreløpig ikkje motteke tekniske planar for oppgradering. NVE sitt damtilsyn følgjer opp dette uavhengig av behandlinga av konsesjonssøknaden.

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Settefiskanlegget nyttar eit nedbørfelt på 2,4 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 160 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 10 %. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande haustflaum. Lågaste vassføring opptre gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 12,3 og 38,8 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 19,5 l/s.

Vassuttaket til settefiskanlegget vil variere gjennom året frå gjennomsnittleg 25 l/s i desember og januar til 105 l/s i august. Det er søkt om eit uttak med maksimal månadsmiddel på 138 l/s og eit gjennomsnittleg årleg vassuttak på 59 l/s. Anlegget har eit tilgjengeleg magasin på 0,575 mill. m³. Noko som svarar til eit uttak på 138 l/s i 48 dagar utan tilsig. I følgje søknaden utgjer vassuttaket til settefiskanlegget 37,6 % av midlare årleg tilsig. Det blir i tillegg til vatn til settefiskproduksjon også teke ut kommunalt drikkevatt til busetnad på Svanøy. NVE kjenner ikkje til storleiken på dette vassuttaket. I følgje søknaden vil det med det planlagde uttaket vere overløp over dammen 219 dagar i eit middels vått år. I 101 dagar vil vassføringa vere lågare enn planlagt uttak, noko som vil seie at det blir ei senking av magasinet.

I følgje søknaden har anlegget vassparande verkemiddel dei kan bruke i lengre tørrversperiodar. Dette er oksygenering av inntaksvatn, bruk av karluftarar som tek ut 50 % av CO₂, forsert smoltifisering og utsett av fisk og senking av inntaksstad for å ta inn kaldare vatn.

NVE har ikkje kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Vi minner om at alle berekningar på basis av andre målte vassdrag ved skalering til det aktuelle vassdraget vil vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Naturmangfald

Terrestrisk miljø

Vassdraget Midtvatnet og Sagevatnet munnar ut i fjorden i Marøysundet på nordsida av Svanøy. Vassdraget strekk seg 1,5 km innover øya og har tilsiget sitt frå midt på øya. Midtvanet ligg øvst i vassdraget og er omgitt av hellande terreng med litt blandingsskog, og i hovudsak småaksen barskog. Frå Midtvatnet renn vatnet i ein ca. 110 m lang bekk til Sagevatnet. Sagevatnet er om lag 1 km langt og renn ut i Marøysundet. Sagevatnet er i hovudsak omgitt av furuskog og berglendt terreng. Ein del av vatnet grensar også til blandingsskog og litt myrterreng. Tre bekkar/elver utgjer hovuddelen av tilsiget til vatnet.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar i direkte tilknytning til Sagevatnet eller til anleggsområdet. Av Naturbase ser ein at det er gjort ein del registreringar av naturtypar i nærområdet til Sagevatnet. Mellom anna gjeld dette ein lokalitet med hol eik (A), ei Kystmyr (A), kystfuruskog (A) og gammal lauvskog (B-A). Ut i frå NVE si vurdering vil ikkje det planlagde tiltaket påverke nokon av desse lokalitetane. Vi ser også at med så mange registreringar i eit relativt avgrensa område, vitnar det om at det finst viktig natur på Svanøy. Vi meiner også at når det er gjort mykje registreringar i området, er det relativt små sjansar for at viktige naturtypar i området ikkje skal vere registrert.

Det er gjort fleire registreringar av raudlista artar i nedbørfeltet til settefiskanlegget. Det er registrert fiskemåse (NT) i og sør for Sagevatnet. På sørsida av Sagevatnet er det registrert skoddelav (NT),

Arthonia ilicina (VU) og liten rotreddiksopp (NT). Aust for Sagevatnet er det registrert gulbrun narrevokssopp (NT), lillagrå raudspore (NT) og gulfotvokssopp (NT). I terrenget sørvest og vest for Sagevatnet er det mellom anna gjort registreringar av ringstry (NT), gul pærelav (NT), kystblåfiltlav (NT), *Pecten cyanoloma* (NT), *Arthonia elegans* (VU) kranshinnelav (VU), kystkantlav (EN) gubbeskjegg (NT), hasselrurlav (NT), kystskriftlav (VU) og kystkorlallav (NT). Ingen av desse artane er knytt direkte til Sagevatnet eller elvestrekninga mellom vatnet og sjøen. Fleire av artane er kystartar, som er knytt til dei klimatiske forholda på kysten. Andre som gubbeskjegg er typiske skogsartar. NVE kan ikkje sjå at det planlagde tiltaket skal komme i konflikt med nokon av desse artane.

Akvatisk miljø

Sagevatet har per i dag ikkje oppgang av anadrom fisk. I følgje søkar vart all oppgang av fisk stoppa då siste oppdemming vart gjort rundt 1850. Etter at Svanøy Stiftelse vart etablert i 1972 vart det frå 1973 til 1974 bygd ei laksetrapp frå utløpet av Sagevatnet, og ned til sjøen i Marøysundet. Denne vart i følgje søkar finansiert av spesielt interesserte laksefiskarar som kom inn som sponsorar ved etablering av stiftinga. Fylkesmannen skriv i si uttale at laksetrappa vart bygd med tilskot frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk (no Miljødirektoratet). Deler av denne trappa er framleis intakt, men det er i følgje søkar aldri registrert oppgang av laks eller aure i trappa. Dette er av søkar grunngjeve med at det sannsynlegvis aldri har funnest ein naturleg bestand av laks eller sjøaure i Marøysundet. Fylkesmannen meiner at årsaken er at det på den tida trappa vart bygd hadde ikkje vassdraget nokon eigen sjøaurebestand, men at det frå andre vassdrag er kjent at det då tek tid å få reetablert fisk.

Utløpet av Sagevatnet der dammen er etablert ligg rundt 10 m frå sjøen og høgdeskilnaden frå sjøen til botn av dam (opphavleg elveutløp) er ca. 1 m. Sannsynlegvis var denne strekninga før oppdemming påverka i alle fall av springflo. Også i dag går floa relativt langt på denne strekninga og det er slik NVE ser det ikkje potensiale for gyting av sjøaure mellom Sagevatnet og sjøen. Søkar meiner at også innløpselva til Sagevatnet frå Midtvatnet er på grensa til å kunne ha produksjon av sjøaure på grunn av låg vassføring. Søkjar viser til at undersøkingar utført av Rådgivende Biologer syner at ei opning for villfisk til vassdraget vil ha liten verdi for anadrom fisk pga. det moderate produksjonspotensialet i vassdraget. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skriv i sin uttale at dei ønskjer at vassdraget vert opna for anadrom fisk. Dei grunngjev dette mellom anna med at det er stilt statlege midlar til rådevelde for å få reetablert ein sjøaurebestand. Noko som betyr at det tidlegare har vore fiskeinteresser i vassdraget. NVE er i utgangspunktet einige med Fylkesmannen i at det er uheldig og svært ofte unødvendig å stenge vandringsvegar for fisk. Sjøauren er pressa langs vestlandskysten og det er difor viktig å legge til rette for produksjon der dette er mogleg. NVE vurderer likevel produksjonspotensialet for sjøaure i vassdraget som svært avgrensa. Elva mellom dammen og sjøen vil vere saltvasspåverka og difor ueigna. Sjøauren krev rennande vatn for å gyte, og innlaupsbekkane til Sagevatnet er svært små med avgrensa nedbørfelt og lita tilrenning. Dei fleste av nedbørfelta er under 0,5 km² store og har truleg ikkje årssikker vassføring. Den største innlaupsbekken er den om lag 100 m lange bekken mellom Midtvatnet og Sagevatnet. Nedbørfeltet til denne utgjer om lag 0,66 km² (data frå NEVINA) noko som tilseier at det tidvis er svært lite vatn også i denne bekken. NVE meiner difor at produksjonspotensialet for sjøaure i vassdraget er lågt og at fordelane med å opne vassdraget for sjøaure ikkje overstig ulempene det vil medføre for settefiskanlegget.

Det er ein naturleg bestand av brunaure i Sagevatnet. Sagevatnet har vore regulert sidan midt på 1600-talet, men med størst regulering etter 1850. Dei siste åra har nedtappinga sjeldan vore på meir enn to

meter. Søkar meiner det er lite truleg at tiltaket har noko særleg innverknad på den årlege rekrutteringa av brunaure. NVE er einig i denne vurderinga.

Det er i følgje søkar ikkje registrert ål i vassdraget og dei meiner at dammen vil fungere som vandringshinder også for denne. Ålen kan også ta seg fram over fuktig mark, og ein kan difor ikkje vere sikker på at enkelte individ ikkje kan vandre opp i Sagevatnet, sidan terrenget mellom sjø og vatn ikkje er spesielt bratt. Ålen er sårbar på norsk raudliste, og ein har opplevd ein stor nedgang i bestanden over heile Europa dei seinare åra. Det er difor viktig å ta omsyn til denne arten når ein planlegg tiltak i vassdrag der det naturleg finst ål. Det er relativt enkelt å lage innretningar for oppvandring av ål forbi vandringshinder, som den her aktuelle dammen. Det kan vere meir utfordrande å få ålen ut att. I følgje det hydrologiske grunnlaget som følgjer søknaden vil det vere overløp over dammen i 219 dagar i eit middels år. Dette tilseier at det skal vere mogleg for ålen å komme seg ut frå Sagevatnet på overløp. Det vil vere viktig å ålesikre inntaka til settefiskanlegget, slik at ein ikkje risikerer at ålen går inn i desse.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om regulering og uttak av vatn frå Sagevatnet til produksjon av settefisk, legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 og forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 12.1.2017. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til settefiskanlegget finst fiskemåse (NT) og truleg ål (VU). Det finst ei rekkje andre raudlista artar og viktige naturtypar i området rundt Sagevatnet, men NVE er av den oppfatning at dette ikkje er innanfor det som kan reknast som influensområdet til settefiskanlegget. Tiltaket som omsøkt vil etter NVE si mening ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå settefiskanlegget i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastning vurderast til ikkje å være så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal leggjast særleg vekt på.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Landskap/friluftsliv/brukarinteresser

Svanøy ligg vest i Sogn og Fjordane ved munningen til Førdefjorden, og er ei uvanleg frodig øy i overgangen mellom kyst- og fjordlandskapet. Svanøy er småknausa med høgder opp mot 235 moh. Terrenget er variert og her finst også eit velhalde kulturlandskap. Landskapet ved Sagevatnet er relativt flatt og småkupert. Det er kledd med furuskog og er i all hovudsak ubebygd. Sagevatnet har vore regulert i fleire hundre år og strandsona er sjølvsagt prega av dette. Også sjølve dammen utgjør eit inngrep ved utløpet av vatnet. Frå vatnet og ned til sjøen er landskapet heilt utbygd med settefiskanlegg og veg til dette.

Alle fysiske inngrep er gjennomført og ein vil såleis ikkje få nye inngrep i landskapet. Eit auka vassuttak vil kunne føre til at vatnet vert tappa ned noko oftare enn før, men søkar meiner det sjeldan vil vere behov for å tappe vatnet ned mot LRV. Etter det NVE kunne sjå på synfaringa var det ingen stiar knytt til strandlinja rundt Sagevatnet. Vi har heller ikkje motteke høyringsuttalar som tydar på aktiv bruk av området til friluftaktivitetar. NVE vurderer at det planlagde tiltaket ikkje vil utgjere noko nemneverdig auka ulempe for allmenne interesser knytt til landskap og friluftsliv.

Kulturminne

Det er registrert eit automatisk freda kulturminne, i form av eit klebersteinbrot, rundt 80 m søraust for settefiskanlegget. Søkar vurderer potensialet for ytterlegare funn, utover restar frå tidlegare tiders utnytting av Sagevatnet til mølledrift og oppgangssag, som lite. Det skal ikkje utførast anleggsarbeid i samband med det no omsøkte tiltaket, og det er difor ikkje venta å ha nokon konsekvens for eventuelle kulturminne.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Flora kommune har eit kommunalt vassbehandlingsanlegg for drikkevatn som tek vatn frå Sagevatnet og forsyner busetnad på Svanøy. Vassverket har sitt inntak på 18 m djup og settefiskanlegget sine leidningar er plassert slik at desse ikkje medfører problem for vassverket. Svanøy Havbruk AS har skriftleg løyve frå Flora kommune om uttak av vatn. Vassuttaket skal no aukast noko, men søkar meiner det ikkje skal bli endringar i forhold til gjeldande praksis for nedtapping av magasinet, då reguleringa av Sagevatnet skal haldast innanfor 2,5 m nedtapping, som er i samsvar med gjeldande praksis og avtale med grunneigarane. Kommunen meiner ei nedtapping av Sagevatnet som omsøkt vil gje dårlegare kvalitet på drikkevatnet til abonnentane. Dei meiner at vatnet ikkje bør tappast meir enn 1,5 m. Mattilsynet viser også til utfordringar med auka tilslamming og fargetal på vatnet ved tapping, men dei meiner kommunen er dei rette til å vurdere kor omfattande dette problemet vil bli.

Sagevatnet vert også i dag regulert, og det har vore nytta til ulike føremål i svært lang tid. Dette antar NVE også var tilfelle då kommunen tok i bruk vatnet til drikkevassforsyning. Svanøy Havbruk AS skal ikkje auke reguleringa av Sagevatnet utover det som i dag er nytta. Ut i frå data gjeve i søknaden vil det også sjeldan vere nødvendig å tappe vatnet til LRV. Det er i dag lekkasjar frå dammen, og utbetring av desse vil også redusere behovet for å senke vassstanden i Sagevatnet. NVE meiner ulempene som kommunen beskriv er overkommeleg og kan løysast med det reinseanlegget som kommunen har i dag. Kommunen og søkar må ev. gjere avtalar seg i mellom dersom det er aktuelt å kompensere for ev. auka kostnader for kommunen. Vi minner elles om at det er Svanøy Havbruk AS sitt ansvar å ta omsyn til vassressursen når dei planlegg sin produksjon av fisk. Produksjonen skal tilpassast vassressursen og ikkje omvendt. Dette inneber også at Svanøy Havbruk AS må ta omsyn til kommunen sitt uttak av drikkevatn når det gjeld å halde seg innanfor dei gitte reguleringsgrensene.

Samfunnsmessige fordelar

Ei utviding av produksjonskapasiteten ved settefiskanlegget sikrar ei meir økonomisk drift av anlegget. Ei utviding vil i følge søkar også føre til auka lokal sysselsetting i anleggsperioden. Samtidig sikrar tiltaket også eit godt grunnlag for Svanøy Havbruk AS sin øvrige aktivitet i området med levering av lokalt produsert kvalitetssmolt til matfiskanlegga. På denne måten unngår ein å ta inn smolt og settefisk frå andre område med risikoen dette medfører i form av mogleg smitte av sjukdom og parasittar. Svanøy er ein utkant i Flora kommune, som felles med andre øysamfunn og mindre stadar, kjempar for å oppretthalde arbeidsplassar og busetnad. Sikring av arbeidsplassar er difor svært viktig for lokalsamfunnet.

Oppsummering

Settefiskanlegget på Svanøy er i drift og nyttar i dag vatn frå Sagevatnet. Det er planlagt ein liten auke i vassutaket, og reguleringa vil vere innanfor det som også tidlegare er praktisert. Vassdraget har lenge vore, og er framleis i dag, stengt for oppgang av anadrom fisk. Fylkesmannen ønskjer at det vert lagt til rette for å få sjøauren opp i vassdraget. NVE meiner i utgangspunktet at ein ikkje skal stenge vandringsvegen for fisk. Vi meiner likevel at potensialet for produksjon av sjøaure her er avgrensa og at ulempene for søkar med å opne vassdraget vil vere større enn dei fordelane ein kan oppnå. Det er i følge søkar overløp over dammen 219 dagar i eit normalt år. NVE meiner difor at det må leggest til rette for at ål kan komme seg både opp og ned i vassdraget. NVE meiner at dei samla fordelane ved tiltaket i form av produksjon av smolt og verdiskaping i regionen overstig ulempene tiltaket fører med seg for allmenne interesser. Vi minner elles om at det er Svanøy Havbruk AS sitt ansvar å ta omsyn til vassressursen når dei planlegg sin produksjon av fisk. Produksjonen skal tilpassast vassressursen og ikkje omvendt. Dette inneber også at Svanøy Havbruk AS må ta omsyn til kommunen sitt uttak av drikkevatt når det gjeld å halde seg innanfor dei gitte reguleringsgrensene.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Svanøy Havbruk AS løyve etter vassressurslova § 8 til regulering av Sagevatnet og uttak av vatn til settefiskanlegg. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av produksjon av settefisk ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Årleg tilsig til Sagevatnet	mill m ³	5,02
Magasinkapasitet (2,5 m regulering)	mill m ³	0,575
Middelvassføring	l/s	160
Alminneleg lågvassføring	l/s	19,5
5-persentil sommar	l/s	12,3
5-persentil vinter	l/s	38,8
Høgste månadsmiddel for uttak av vatn	l/s	138
Gjennomsnittleg årleg vassuttak	l/s	59

Reguleringsgrenser

Følgjande reguleringsgrenser ligg til grunn for konsesjon gjeve av NVE:

	Sagevatnet
Høgste tillatne reguleringsgrense, kote (HRV)	6
Lågaste tillatne reguleringsgrense, kote (LRV)	3,5

I søknaden vert det søkt om å regulere Sagevatnet mellom kote 3,5 og kote 6. Dette er innanfor det som har vore praktisert tidlegare. Flora kommune meiner at denne reguleringa vil føre til ulemper for deira uttak av drikkevatn, ved at ein vil kunne få tilslamming av vatnet ved låg vasstand. Kommunen meiner Svanøy Havbruk AS må avgrense tappinga til 1,5 m. Magasinkurva som følgjer søknaden viser at det er berre i tørre år ein vil ha behov for å tappe Sagevatnet til omsøkt LRV. I normale og våte år vil ein klare seg med å senke Sagevatnet mindre enn 1 m. NVE ser at det i tørre år kan forekomme ulemper for kommunen sitt vassbehandlingsanlegg. Vi meiner likevel at dette ikkje vil endre situasjonen frå slik den er i dag, og ulempene vil ikkje verte større. Sjølv om ein på magasinkurvene ser at Svanøy Havbruk AS i dei fleste år ikkje er avhengige av å senke vatnet med 2,5 m, meiner NVE at det vil komme situasjonar der dette er nødvendig for å oppretthalde den produksjonen som er i anlegget. Ein eventuell erstatning for eventuelt auka kostnadar med reinsing i slike tilfelle må partane avgjere seg i mellom.

NVE fastset ut i frå dette HRV på kote 6 og LRV på kote 3,5.

Slepp av vatn

Søkar ønskjer ikkje å sleppe minstevassføring i utløpselva. Fylkesmannen vil at det skal sleppast minstevassføring for å få opp sjøaure i vassdraget. NVE meiner det er eit avgrensa produksjonspotensiale for sjøaure i vassdraget, og at fordelane med å opne opp vassdraget per i dag ikkje vil overstige ulempene for søkar. Vi meiner difor at det ikkje er behov for å sleppe minstevassføring av omsyn til sjøaure. Det er mogleg at ål kjem seg opp i vassdraget per i dag ved å vandre over fuktig mark. Ålen vil truleg komme seg både opp og ut frå vassdraget på overløp, som det i følge søknaden vil vere 219 dagar i eit normalår. Eit eventuelt slepp av minstevassføring vil også medføre eit auka behov for å regulere magasinet, som igjen vil føre til auka ulemper for den kommunale drikkevassforsyninga. NVE set ut i frå dette ikkje krav om slepp av minstevassføring i elva mellom Sagevatnet og sjøen.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggest fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for dei krav til sikkerheit som stillast til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnadar:

Dam	Dammen er i bruk i dag, men NVE har stilt krav om utbetring av denne, slik at den oppfyller krav til sikkerheit. NVE sitt damtilsyn følgjer opp dette. Det skal etablerast åleleiar forbi dammen.
Inntak og vassveg	Settefiskanlegget har sitt vassinntak frå fem inntak i Sagevatnet like oppom settefiskanlegget. Inntaksleidningane går til ulike djup i vatnet. Det er ikkje planlagt å endre løysinga for inntak og vassveg på det eksisterande anlegget. Inntaksleidningane skal sikrast slik at ål ikkje kjem seg inn.
Største vassuttak	Søknaden oppgir 250 l/s som maksimal kapasitet på inntaksrøyra samla. Det er søkt om å ta ut 138 l/s som høgste månadsmiddel.
Gjennomsnittleg årleg vassuttak	Søknaden oppgir 59 l/s.

Avbøtande tiltak	Inntaka skal sikrast slik at ål ikkje kjem seg inn. Dette kan gjerast med eit gitter som har lysopning på maksimalt 0,9 cm. Det skal etablerast åleleiar for oppvandrande ål forbi dammen. Nøyaktig, teknisk utforming av dei avbøtande tiltaka for ål skal planleggast i samråd med ein fagleg kvalifisert person. NVE har ansvar for endeleg godkjenning gjennom godkjenning av detaljplanen. Dokumentasjon på at tiltaka for ål fungerer etter hensikt skal leggast fram for NVE sitt miljøtilsyn etter første driftsår og deretter ved behov.
Anna	Svanøy Havbruk AS må ta høgde for kommunen sitt uttak av drikkevatn frå Sagevatnet. Det er Svanøy Havbruk AS sitt ansvar å til ei kvar tid halde seg innanfor dei reguleringsgrensene som er gjeve i konsesjonen.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.